



HJELMELAND
KOMMUNE

INFO - PLANENDRING

pbl § 12-14

Prosess:

Alle planendringar startar med å varsle om ønskja endring. Det er innhald/omfang i endringane + respons ift varsling som avgjer om ei sak kan behandlast forenkla eller som vesentleg planendring, med meir omfattande prosess.

Vilkår for forenkla behandling jf § 12-14:

- endringane i liten grad vil påvirke gjennomføringen av planen forøvrig,
- ikkje går utover hovudramene i planen,
- ikkje svekke omsynet til viktige natur- og friluftsområde
- ikkje motsegner eller vesentlege merknader til varslinga.

Forenkla behandling kan anten gjerast administrativt i kommunen (mindre/ikkje-prinsipielle endringar) eller politisk i Areal-og forvaltningsutvalet (prinsipielle endringar)

Vesentleg endring - dersom varslingsrunden medfører motsegner/store protestar kan det hende at saken må behandlast med fleire politiske behandlingar og offentleg ettersyn/høyring (som ordinær planprosess). Td endring av formål er ofte vesentleg endring.

Saka startar med at søker varslar endringa på to måtar:

Varslingsannonse (er ikkje direkte lovpålagd, men kan vere aktuelt)

I avis: lokalavisa Strandbuen annonce@strandbuen.no

På nett: på Hjelmeland kommune si nettside, send annonsetekst til saksbehandlar.

Varslingsbrev: sjå mal for varslingsbrev i eiga fil

Overordna planmyndigheter:

Statsforvaltaren sfropost@statsforvalteren.no

Fylkeskommunen [firma\\$post@rogfk.no](mailto:firma$post@rogfk.no)

Statens Vegvesen: [firma\\$post-vest@vegvesen.no](mailto:firma$post-vest@vegvesen.no)

Hjelmeland kommune postmottak@hjelmeland.kommune.no

Kan vere andre òg, td NVE, Kystverket, Fiskeridirektoratet, Direktoratet for Mineralforvaltning el.a - kjem an på saken – kommunen gir beskjed kven som skal varslast.
Avheng av tema/omfang

Berørte partar td andre eigalar i feltet/reguleringsområdet, ev velforening og grunneigar:

Adresselister bestillast via [Ambita/Infoland](#).

De må då kartfeste kva eigalar de vil ha adresser til og oppgi formålet med adresselista.

Annonsa /varslingsbrevet skal innehalde følgjande informasjon:

- PlanID og plannamn - gnr/bnr + stadnamn
- Kva endringane går ut på : i plankart? i føresegner? begge deler?
- Ev grunngjeving/argumentasjon (kan droppast i annonsa)
- Dersom de ser for dykk forenkla behandling, må dette opplyst om i varselet og forklare kvifor de meiner søknaden vil oppfylle vilkåra (sjå ovanfor)
- Frist for merknadar - ift plan-og bygningslova «rimeleg frist» td 14-30 dagar
- Søkjars adresse for innsending av merknadar, inkl. e-post-adresse

SØKNADEN – etter at varslingsrunden er over:

Saman med søknad må me ha stadfesting på at alle aktuelle er varsla.

Søkjær skal kommentere/vurdere ev innkomne merknader og ev gjere endringar i søknad som følgje av innspel – eller forklare kvifor ein ikkje tek innspel til følgje.

Søkjær må òg vurdere/kommentere om vilkåra for forenkla behandling er til stades (sjå innleining).

Søknaden må ta utgangspunkt i gjeldande plankart eller gjeldande føresegner.

Søkjær må visualisere/vise kva endringa går ut på og forklare konsekvensar av endringa.

Vedtekne gebyrsatsar for saksbehandling planendring pr 2024 gir:

Planendring full prosess, vesentleg endring	46 350
Planendring forenkla prosess, større endringar	23 175
Planendring forenkla prosess, mindre endringar	9 270

Kontaktinfo for meir informasjon:

Svanhild Hjorteland Gbada

Rådgjevar Arealplan



Hjelmeland kommune

Adresse: Vågavegen 116, 4130 Hjelmeland

Tlf: 404 39 127

E-post: postmottak@hjelmeland.kommune.no

Internett: www.hjelmeland.kommune.no

